

Samferdselsdepartementet
v/ Statsråd Jon-Ivar Nygård
postmottak@sd.dep.no

Uttale frå Fjordvegen Riksveg 13 vedr. konsekvenser for Rv13 i perioden Lærdalstunnelen vil vera stengt pga vedlikehald/oppgradering.

Fjordvegen Riksveg 13 er uroa over det manglande fokus på kva konsekvenser stenginga av Lærdalstunnelen vil ha for *nord-sør trafikken* som idag nyttar Lærdalstunnelen. For aust-vest trafikken vil rutene via E134, alternativt Rv7 vera beste alternativ til E16 Lærdalstunnelen når denne er stengt. Auka trafikk til og frå Bergensområdet via E134 vil føra til stor belastning på Rv 13 gjennom Oddadalen. Denne har mange smale og rasutsette parti.

Nord-sør trafikkantar som idag nyttar E16 Voss - Håbakken og Rv5 Håbakken - Lærdal – Sogndal, vil med stengt Lærdalstunnel måtte ha Rv13 Voss - Vangsnes - Hella - Sogndal som einaste reelle omkøyringsveg.

Kollektive alternativ med hurtigbåt/ferje finst i praksis ikkje.

Problema som vil oppstå for nord – sør trafikkantar har det etter Fjordvegen Riksveg 13 sitt syn vore for lite fokus på. Ikkje minst kva ei slik trafikkauke vil ha for denne vegen og over så lang tid vil medføra.

For at trafikken som er venta på Rv13 på strekninga Vinje - Sogndal skal gå mest mogeleg utan hindringar og forseinkingar, må følgjande tiltak gjennomførast i forkant.

Dei fire viktigaste flaskehalsstrekka på Rv 13 Voss - Sogndal er:

- Vikafjellet
- Frå Krossen til Vangsnes ferjekai
- Ferja Vangsnes – Hella, rutetider
- Frå Hella til Leikanger

- Vi veit at Vikafjellet vinterstid er ei svært uforutseieleg vegstrekning som ligg i Norgestoppen kva gjeld stenging pga uver, ras eller rasfare. Med auka trafikk vil konsekvensar av slike stengingar påverka langt fleire trafikkantar og såleis gje større samfunnskostnader. Fjordvegen Riksveg 13 ser det som naudsynt at vinterberedskapen for Vikafjellet må styrkast slik at perioder med stengt veg vert redusert til eit absolutt minimum.
- Strekninga frå Krossen til Vangsnes har fleire smale parti som lett skapar kø og kork ved problempasseringer for møtande køyretøy. Desse problempunkta kan utbetrast for forholdsvis låge kostnader.
- Ferjesambandet Vangsnes - Hella må utvidast med nattavgangar og rutetabellen for sambandet må baserast på “stive” rutetider. Kapasiteten må tilpassast slik at det i “normalsituasjon” ikkje er attståande bilar etter avgang.

- Strekninga Leikanger - Hella har strekningsvis redusert vegbreidde, og det må her sørgast for tilstrekkeleg tal og lengde på møteplassar, slik at ein unngår kork og forseinkingar.
- Strekninga Vik - Vinje har også strekningsvis redusert vegbreidde. Her må det også leggjast tilrette for tilstrekkelege møteplassar.

I tillegg til planlagt 12 timars nattestenging i Lærdalstunnelen så vert trafikken dirigert med kolonne i den tida tunnelen er open, noko som gjer tidsbruken alvorleg lang i ein tunnel på 25 km.

Kinsarvik, 06.12.2023

Med helsing
Fjordvegen Riksveg 13

Marta S Vange
styreleiar /s./

Jostein Eitrheim
dagleg leiar